

**No koma Guds englar meiner dirigent Maria Malmsten er det ypperste han har laga.
Fedrelandssalma meiner muskarveteran Bjørgulf Eik ligg på ein klår førsteplass.
Andre har andre meiningar om den ruvande produksjonen til landets fremste salmediktar Elias Blix (1836-1902), som skreiv meir enn 200 salmar. Av dei finn ein meir enn 50 i Norsk Salmebok. I år er det 175 år sidan han vart født og neste sundag kveld klokka 19 blir han grundig minna med ein halvannan time lang konsert i Uskedalskyrkja, Før har Grundtvig og Hovden vore minna på same måten.**

Det er Bjørgulf som har hatt ideen til konserten og han møter i spissen for Musikklaget.

Røysterett for alle vil syngja under leiing av Maria og det blir solosong av dei talentfulle ungjentene Birte Nybakk (15) frå Uskedalen og Amalie Fjell Helleland (16) frå Omvikdalen. Organist Lars Eirik Tjeldflåt blir også denne gongen å finna ved orgelet.

Det verbale innslaget blir det ekteparet Marit Elisebet Totland og Jan Ove Totland som står for og dei vil naturleg nok gje eit riss av mannen som var presteutdanna men ikkje praktiserte som prest. Av grunnar som verkar uklåre fekk han ikkje eingong preike i si eiga kyrkje i Gildeskål i Nordland. Kva var eigentleg grunnen?

Men han fekk likevel eit mangearta liv som salmediktar, professor, lærar, målmann og politikar for Venstre. Høgast nådde han då han frå 1884 til 1888 var statsråd i Kyrkjedepartementet og faktisk klarte å oppretta eit professorat i norsk folkemål. Han var også med i arbeidet med å omsetta Bibelen og Luthers vesle katekisme til landsmål.

Blix var ein hovudarkitekt då Stortinget i 1885 vedtok jamstelling mellom måla. Men før han vart statsråd var han med på skipinga av Det norske Samlaget.

Dei fleste har ein Blix-favoritt. Men skal ein velgja No livnar det i lundar, Å eg veit meg eit land, Kling no klokka eller Himmelske fader - for å nemna 4 andre favorittar??

Av Ola Matti Mathisen